



BOKN KOMMUNE

SEKSJON KULTUR SKULE OG BARNEHAGE

Dok. ref.

20/477-3//WLH

Dato:

26.11.2020

Referat frå FAU 25.11.20

Til stade: Erik Alvestad, Tina Lindnes, Tore Lund, Solrunn Ognøy, Anette Våga, Bjørg Synnøve L. Grønnestad, Runa Shcmeichler (på telefon), Frode Våge (på telefon), Wenche Havikbotn (rektor)

Rektor skriv referat frå dei møta ho er med på.

Fordeling av verv i FAU:

Leiar: Tore Lund
Nestleiar: Bjørg Synnøve Lie Grønnestad
Sekretær: Solrunn Ognøy
Kasserar: Astrid Øvrebø
Styremedlem 1: Erik Alvestad
Styremedlem 2: Tina Lindnes

03/2020

Vedtekter for FAU

I følgje forelsatte vedtekter må 2/3 av FAU vere til stade for at de skal bli vedtatt. FAU ønskjer vedtekter for å kunne registrere seg i Brønnøysundregisteret for å få eit organisasjonsnummer. Med to som var med på telefon blei vedtektene vedtatt einstemmig.

04/2020

Informasjon om politisk vedtak angående skuletur

Rektor informerte om nye retningslinjer som gjeld for skuleturar framover. Desse retningslinjene gjeld for blant anna skuleturen i 10. klasse. Retningslinjene er tatt ut frå saka som er vedtatt politisk.

Gratisprinsippet

Det er gratis å gå på skule i Noreg. Dette gjeld både grunnskulen og vidaregåande skule. Dersom skulen drar på tur, enten det er dagsturar, lengre turar i inn- eller utland, avslutningsturar eller leirskule, skal dette vere gratis for elevane.

Administrasjonen har rådført seg med opplæringsavdelinga sjå Fylkesmannen i utarbeiding av retningslinjene for skuletur slik at dei er i tråd med lovkrava i opplæringslova.

For å ha ein skuletur som er i tråd med gratisprinsippet må ein ha fylgjande retningslinjer:

Postadr.:
5561 Bokn

Telefon:
52752550

E post:
wenche.havikbotn@bokn.kommune.no

Bankgiro:
3373.07.00305

Org. nr:
964979723

- Skulen er ansvarleg for å planlegge turen i sin heilskap. Elevane vil få medverke i valet, men skulen er ansvarleg for at turen blir ein del av opplæringa, og blir knytt til læreplan i faga.
- Ein tilsett frå skulen må delta på turen, fortrinnsvis kontaktlærer. Kommunen dekkjer utgiftene til turen for læraren, inkludert lønnskompensasjon i tråd med gjeldande tariffavtale. Dersom skulen må sende meir enn ein tilsett med på turen grunna særskilt behov hos ein eller fleire elevar, må skulen dekke utgiftene til turen for den/dei tilsette, inkludert lønnskompensasjon i tråd med gjeldande tariffavtale. Desse utgiftene må leggest inn i budsjettet for skulen på prosjekt skuletur, og vil ha ei kostnadsramme på mellom kroner 15 000 og 30 000.
- Skulen sitt reglement gjeld på turen.
- Førsette kan delta på turen, men må koste reise og opphald sjølv.
- Elevar og førsette kan vere med og finansiere turen gjennom inntekter frå ytterlegare dugnadsarbeid eller ved gåver, men alle inntekter som skal nyttast til dette formålet må betalast inn til skulen og kjem alle elevane som skal delta på turen til gode. Alle innbetalingar som blir gjort er anonyme, dvs. at ingen førsette eller elevar kan be om å få ei oversikt som viser kven som har gjort aktuelle innbetalingar.
- Elevar som ikkje har vore med på finansiering av turen gjennom dugnadsarbeid eller innbetalingar frå førsette skal ha lik rett til å delta på turen som dei andre elevane.
- Skulen må sørge for å ha gyldig forsikring for elevane som gjeld på skuleturen.
- Skulen søkjer om tilskot til turen på aktuelle tilskotsordningar i Udir.
- Dersom turen har ein høgare kostnad enn det skulen har til rådighet gjennom budsjettmidlar eller innbetalingar frå elevar/førsette kan ikkje turen gjennomførast.
- Eit eventuelt overskot etter at skuleturen er gjennomført eit skuleår, blir overført til budsjettet for skuletur neste skuleår.

Særskilt for skuleturen for 10.klasse gjeld følgjande:

- Turen blir delvis finansiert gjennom budsjettoverføring der midlar som tidlegare vore betalt ut etter dugnadsarbeid for kommunen no blir overført til skulen. Dugnadsarbeidet fortsett som tidlegare der elevar i 9.klasse med sine førsette drifrar kino og fritidsklubben Petra.

05/2020

Leirskule Gullingen våren 2021

Anna kvart år har 7. og 8. klasse reist på skileirskule til Gullingen. Dei som går i 8. no har allereie vore på leirskule saman med dei som går i 9. Difor blir det 6. og 7. som reiser denne gong. I år er leirskulen sett av i veke 11. Det vil komme meir informasjon til dei klassane det gjeld.

06/2020

Informasjon om arbeidsgruppe i kommunen

Leiar informerte om at kommunen har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe for å auke folketalet i kommunen. Dei som er med i gruppa er politikarar, FAU, idrettslaget og administrasjonen i kommunen.

Ting som kom fram på FAU-møte:

- symjehall, ein god skule, godt samarbeid mellom skule og foreldre, gode kulturtilbod blant anna i kulturskulen, busetjing på heile Bokn

Wenche Laupland Havikbotn
rektor